

# Bergehaugen

Av Knut Raastad, 2017



Bergehaugen var husmannplass til oppigard Berge i Nordherad og ligg øvst i jordet der. Fram til ca. 1920 låg husa ved haugen vest i jordet mot Åa. Jordet var flata i øvre del av jordet på Berge.

Skoskatten 1711 nemner på oppigard Berge Kari husqvinde, men om ho var på Bergehaugen er usikkert.

I 1776 er nemnd husmann Ole Berg Haugen, og i 1777, 1779 og 1780 Ole Bergehaugen. Ved fødselar er også nemnd ein Ole Bergelyken i 1747 og 1749 som kan vera den same, i 1753 og 1757 er han nemnd som Ole Bergehaugen. Det blir da 4 barn:

Erik 1747-1748

Anne f.1749.

Synne f.1753

Erik 1757-1757

Denne Ole Bergehaugen kan vera den same som Ole Syversen oppigard Berge 1728-1784, han har da vorte gift på nytt med Dorthe Arnesdotter 1746-1832. Dorthe vart 1791 oppattgift med Ole Olsen i Stordalen. Ole Syversen og Dorthe hadde 5 barn:

Randi f. 1768

Marit f. 1770

Rønnoug f.1775

Arne 1777-1857, i Stordalen

Syver 1782-1782

Bergehaugen er ikkje nemnd i 1801.

I 1865 og 1875 finn vi ny familie på Bergehaugen. Peder Andersen Ellingsbøeie/Lysåker, Heidal, 1818-1901 vart 1857 gift med Ingebor Olsdotter Helleløyken 1818-1882, dotter til Ole Olsen Helleløyken 1788-1875 og Anne Olsdr. 1786-1855. Peder og Ingebor er i 1860 nemnd på Raastadeie, så det er etter dette at dei er komne til Bergehaugen. Peder og Ingebor hadde 3 barn:

Anne f.1849, hadde døtrene Imbjør Olsdr. f.1870 og Anne Olsdr. f.1873

Paul 1857-1918, neste brukar

Ole 1860-1899, 1885 g.m. Guri Pedersdotter Gjelbakken 1860-1938. I Moshuset.

Paul Pedersen Bergehaugen 1857-1918 er i folketellinga 1900 nemnd som husmann, men i 1910 er han gardbrukar og sjølveigar. Bergehaugen gnr. 80 bnr. 2 vart fråskild frå oppigard Berge 1904, skjøte frå Imbert Berge til Paal P Bergehaugen for kr 800,- er frå 1905. Paul vart 1882 gift med Mari Knutsdotter Ruskeløyken f.1860 dotter til Knut Jakobsen Ruskeløyken 1825-1891 og Mari Olsdr. Damstuen (Øiseie) 1825-1898. Paul og Mari hadde 1 barn:

Mari f.1882, neste familie

Mari Paulsdotter Bergehaugen 1882-1950 vart 1908 gift med Syver Alfred Hølmo 1889-1976 son til Ymbjørg Hølmo f.1864, far hans var Alfred Winter. Syver Alfred kjøpte i 1922 søre Josten i Sel og familien flytte dit. Dei hadde 8 barn:

Ingeborg f.1907, g.m. Iver J Josten n. 1901-1992. I nørdrø Josten.

Paal 1909-1961, g.m. Bergljot Teigen.

Syver 1913-1982, g.m. Kari Tho f.1920. I søre Josten.

Mathias f.1916, g.m. Anne Galstad.

Ingvald f.1918, g.m. Kari Berg.

Marit 1920-1997, g.m. Anton Gravåmellom.

Asbjørn f.1923, g.m. Ingeborg Galstad.

Klara 1925-1995, g.m. John Tho.

Imbert Berge har overteke Bergehaugen att etter at Syver Alfred og familien kjøpte Josten i 1922. Det var Imbert Berge som delte frå Bergehaugen II gnr. 80 bnr. 3 i 1925 og overdrog dette i 1927. Dette var berre tunet, ein mindre del av det tidlegare Bergehaugen med 0,01 skyldmark, medan reisten var jorda på 0,50 skyldmark gnr. 80 bnr. 2 kom saman med oppigard Berge. I 1934 skjøter Imbert gnr. 80 bnr. 2 til sonen Per Berge saman med Berge.

Ola Amundsen Gjelbakken f.1894 var son til Amund Pedersen Gjelbakken 1855-1934 og Ragnhild Storviksranden 1868-1942. Ola A Jelbakken fekk skjøte på Bergehaugen II gnr. 80 bnr. 3 frå Imbert Berge for kr 3500,- i 1927. Ola vart gift 1925 med Anne Johnsdotter Hølen f.1893, dei hadde 1 barn:

Mari

Mari Olsdotter Bergehaugen overtok i 1971. Ho var gift med Adolf Rusten frå Sel, dei hadde sonen

Ole Iver f.1967

Ole Iver Rusten overtok Bergehaugen gnr. 80 bnr. 3 i 2008. Han selde i 2010 til Per Gjelbakken f.1965 frå oppigard Berge.

I 1865 vart det sådd 1 tønne bygg og 1 tønne poteter, dyra var 1 ku, 8 sauer og 2 geit.

Kjelder:

Folketelling 1865, 1875, 1900, 1910

P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, s. 37, 170

Liste over husmannspenger til kyrja

Panteregister / grunnbok

Utskrifter skifteprotokollar

1881.no

Norske Gardsbruk 1953-1997

Kåre Halvdan Bakke: Hølmoslekta

Asbjørn Gjelbakken

Koppskatten 1711